



Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 12.02.2020

Stad: **Ikornnes kyrkje kl. 20.00.**

Til stades: Ingmund Eliassen, Erlend Lunde, Bergljot Hjortdal, Janita K Eikemo, Ellen B Vatne, Anita Øvergård

Sak 8/20 Godkjenning av innkalling

Ingen innvendinger.

Sak 9/20 Kyrkjedagane 2020

Fredag kl 19: Må endre opplegg pga fråfall av musikere. Blir sosialkveld med «nogo attåt» i kyrkjekjellaren. Kr 50.- pr pers vaksen. Born gratis.

Brennsnut, skuffekaker, åresal. Ivar Johansen vil komme og koke til oss.

Laurdag kl 13: Tombola, graut, diverse rundstykker og kaker. Åresal.

Program: Diverse innslag song, musikk, dans. Erlend sjekker også mht ungdommens kulturmønstring.

Søndag kl 11: Hundeidvik Blandakor + Jippikoret i Gudstenesta. Kyrkjekaffi.

Liste for arbeidsfordeling og mat; Anita lager oppsett. Må bruke heile soknerådet inkl. vara.

Erlend ordner plakat og omtale i Sykkylvsbladet.

Sak 10/20 Fasteaksjonen 29. mars

Janita er ansvarleg for Ikornnes. Vil kontakte Janne Svindseth og Morten Hjellegjerde som er ansvarleg for Sykkylven. Samarbeide om roder. Bestille ID-kort og klistremerker, bøssene er på Aure. Det er berre 60-65 konfirmanter i år. Må kontakte Sykkylvsbladet for å få skrive redaksjonell omtale. Evt også søke etter frivillige til å hjelpe med rodene.

Sak 11/20 Formål kollekt i gudstenester

Soknerådet bestemmer kven som skal få kollekten, og vi overlet til presten å bestemme rekkefølga – tilpasser til «dagens tema» for Gudstenesta.

2 x NMS (Midtausten) - forplikta



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

2 x Kirkens Bymisjon (forplikta)

2 x Kirkens Nødhjelp – julaften

Orreneset

Fjellsetra Ungdomssenter

Sunnmøre Søndagsskulekrins

Bibelselskapet

Kirkens SOS

TV-aksjonen (dersom gudsteneste denne søndagen)

I 2019 kom det inn ca 77.000.- i offer.

Sak 12/20 Økonomisk situasjon Ikornnes sokn

Arild Sporsheim informerte om inntekter og utgifter vedr nytt kjøkken: Det er brukt ca 960.000.- totalt, og vi har fått gåver på kr 552.900.- + ei ekstra gåve i 2020 på 50.000.-

Kyrkjeleg Fellesråd har ansvaret for sjølve bygget.

Vi får mindre og mindre penger frå kommune og stat, så ein må prøve å finne nye måter å få inntekter. Forslag: Promotere en «givertjeneste»; den som vil kan overføre et fast beløp pr mnd til Ikornnes Sokn. For eksempel kr 100.- el 200.- Det monner bra dersom mange går inn i ordninga.

Sak 13/20 Utleige av kyrkjekjellaren

Pris kr 1500.- inkl. kjøkken og kr 1250.- utan kjøkkenet. Same priser som for Sykkylven Kyrkje.

Sak 14/20 Eventuelt

a Trio m/band vil arrangere songkveld søndag 19. april i kyrkja. Ikornnes Sokneråd er teknisk arrangør. Det går vi inn for

b BUF-utvalet (barn, ungdom og familie) må ha inn ein representant frå soknerådet. Janita melder seg.

c I samband med at Ingebjørg Stave vert 80 år så blir det arrangert «Syng med oss» i kyrkja komande søndag.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

d Det er ynskje om å investere i eit el-piano til kyrkja. Rose og Åge har sett på dette tidligare, men då vart det ikkje nokon handel. Om Hundeidvik Blandakor tar på seg jobben med å delfinansiere via fond/stipend/sponsor (Gnist / ITAB) så vil Ikornnes Kyrkje dekke 50% av resterande kostnad.

Andre ting å huske på:

Oppussing toaletta, nye hyller til bod under trapp, pianokonsert (Ket Lødemel) for å innvie flygelet, familietorsdag for Jippikoret i løpet av april. Diverse småjobber vedr slutføring kjøkken.

Neste møte: Onsdag 11. mars kl 20 (?)

Skrivar, Anita Øvergård